



HANDLINGSPLAN 2019-2020

Leikanger Frivilligsentral skal vere ein nettverksbygger, eit kontaktpunkt og ein tilretteleggjar for dei som ynskjer å gje eller ta i mot frivillig innsats. Leikanger Frivilligsentral er, og skal vere, ein viktig del av miljøet i Leikanger. Som aktiv brubygger blant lag og foreiningar som allereie eksistera, ynskjer me å bidra og vere pådrivar for breidde og eit allsidig aktivitetstilbod. Leikanger Frivilligsentral skal vere ein open arena for diskusjon og idémyldring. Leikanger Frivilligsentral skal aktivt bidra mot barnefattigdom og sosial utjamning. Tiltak mot einsemd blant innbyggjarane er eit prioritert satsingsområde innan alle aldersgrupper.

Prioriterte satsingar for Leikanger Frivilligsentral.

1. Samarbeid mellom lag, organisasjonar og andre tenester i kommunen.
2. Inkludering og involvering
3. Born, unge og familiar
4. Aktivitetstilbod for seniorar
5. Omdøme og marknadsstrategi
6. Kulturlokale på Saften

	Samarbeid mellom lag/org. og tenestene i kommunen	Mål	BESKRIVING	ANSVARLEG	MERKNAD	OK
a)	Flyktingtenesta	3 møter i året	Møter mellom tenester	Flyktingtenesta, Leikanger Frivilligsentral	Jobbe i fellesskap for å inkludera	
b)	Pedagogisk konsulent	2 møter i året	Erfaringsutveksling	Leikanger Frivilligsentral, pedagogisk konsulent	Jobbe med felles prosjekt på folkehelse	
f)	Møter med lag og organisasjonar	12 møter i året	Ta initiativ til å vere med på møter som tek for seg aktivitetstilbodet	Leikanger Frivilligsentral	Viktig å vite kva aktivitetar som finns, i tillegg til å formidle kva behov for aktivitetar som kan gjerast av frivillige lag og organisasjonar	
g)	Møter med tenester i kommunen	10	Ta initiativ til møter med ein agenda om aktuelle og relevante tema	Leikanger Frivilligsentral	Avdekke eventuelle endringer av behov for aktivitetar	

2.	Inkludering og involvering	MÅL	BESKRIVING	ANSVARLEG	MERKNAD	OK
a)	Til Topps	10 personar	Reise på arrangement til Galdhøpiggen	Leikanger Røde Kors		
b)	Flyktningguiden	10 koblinger	Frivillige som hjelp dei i kvardagen	Leikanger Røde kors Omsorg		
c)	Aktivitetstilbod for flyktningar	10 åpne dagar øyremerka flyktningar	Jamleg fritidsaktivitet av forskjellig slag	Leikanger Frivilligsentral, Flyktningtenest a og andre organisasjonar	Leikanger Frivilligsentral som initiativtakar og kontaktpunkt	5 0 ' 00,-
d)	Kulturarrangement og andre eingongs arrangement som t.d. Utedag med Leikanger sjukeheim, Fruktbare dagar, Båtfisketur for flyktningar, Frivillighetsdagen, Fri Moro	Totalt 1000 personar	Varierte arrangement som skal vere opne for alle	Aktuelle organisasjonar for dei ulike arrangementa	Leikanger Frivilligsentral som tilretteleggjar og medarrangør	2 0 ' 00,-
e)	Inkluderande jamlege aktivitetar og møteplassar som språkkafè, lokale turar, m.m.	Totalt 120 personar	Hindre sosial utanforskap og bidra til sosial inkludering og fleire frivillige	Aktuelle organisasjonar eller personar for dei ulike arrangementa	Leikanger Frivilligsentral som ein tilretteleggjar	3 0 ' 00,-
f)	Opprette ein Frivilligbank	50 frivillige	Ha ein oversikt over frivillige som kan vere med på arrangement, samt yte hjelp til enkeltpersonar	Leikanger Frivilligsentral i samarbeid med forskjellige organisasjonar	Koordinerast gjennom Leikanger Frivilligsentral. Ynskjeleg med folk med variert bakgrunn	
g)	Oversetning av informasjon om aktivitetar til fleire språk		Lage enkle malar som kan brukast	Flyktningtenest a, Leikanger Frivilligsentral		
h)	Treff for flyktningar og bygdefolk	2 arrangementt kvart år	flyktningfamiliar og bygdefolk kjem saman under felles	Leikanger Røde kors	Leikanger Frivilligsentral som tilretteleggjar	1 0 ' 00,-

			aktivitetar for barn og foreldre			
--	--	--	----------------------------------	--	--	--

3.	Born, unge, familie	Mål	Beskriving	Ansvarleg	Merknad	OK
a)	Opplevelseskortet		Gratis kultur og aktivitetstilbod.	Flyktningtenesta	Positiv BufDir søknad. Beløp innvilga	1 0 0 ' 0,-
b)	Familiehelgar og ferieturar	150 gjestar	Felles opplevingar for heile familien	Barnas Turlag Leikanger, Leikanger Røde kors	Leikanger Frivilligsentral som tilretteleggjar av naudsynt utstyr	
c)	Nye barn og unge i jamleg organisert frivillig aktivitet		Førebygge sosial utanforskap, få nye nettverk	Leikanger Frivilligsentral	Bidra til kompetanseheving om årsak til sosiale skilnader. Målgruppa er leiarar og trenarar i frivillige lag og organisasjonar	Møteutgifter: 5000,-
d)	Aktivitetstilbod i skuleferiane	200	Gratis dagstilbod i skuleferiane	Flyktningtenesta, Leikanger Frivilligsentral	Aktuelle lag og foreiningar står ansvarlege for sjølve gjennomføringa.	1 2 5 ' 0,- innvilga.
e)	Generell leksehjelp	10	Tilbod utanom skuletida	Leikanger Frivilligsentral	Økonomisk støtte til bøker og gjennomføring av aktiviteten. Finne frivillige	
f)	Leksehjelp for trinn 1-4	10	Samordne aktiviteten med andre tilbod på Saften	Leikanger Frivilligsentral	Økonomisk støtte til gjennomføring av aktiviteten. Finne frivillige	
g)	Byttedag	Vår og haust	Open byttedag på Saften	Leikanger Frivilligsentral	Speidargruppa Syril	
h)	Systrondsbui/ Utstyrssentral	Open kvar dag	Lån av utstyr for enkeltpersonar og lag/foreiningar	Leikanger Frivilligsentral	Sentralt lokale med god plass trengs. Bufdir har tidlegare støtta slike tiltak	2 5 0 ' 0,-

4.	Aktivitetstilbod seniorar	Mål	Beskriving	Ansvarleg	Merknad	OK
a)	Eldredagen 1. oktober	50	Markering av eldredagen med aktuelt program Gratis	Leikanger Pensjonistlag	Leikanger Frivilligsentral som tilretteleggjar	1 0 ' 0 0 0
b)	Bingo på sjukeheimen	1 gong kvar veke	Leikanger Røde kors	Leikanger Røde kors		
c)	Språkkafé	20 personar	Møteplass for eldre	Leikanger Frivilligsentral, Ivar Fykse		1 1 0 ' 0 0 lønn dersom den skal driftast. Driftsutgifter p å 2 0-'
d)	Strikke kafé	10 personar	Møtestad for interesserte	Sans og Samling		
e)	Korleis få informert om aktivitetstilbodet for seniorar til alle?		Dialog med Pensjonistlaget	Leikanger Frivilligsentral saman med Pensjonistlaget	Suksessfaktor blir å få ut informasjon om aktivitet til dei som ikkje er aktive	
f)	Seniornett	20 personar	Tilbod om PC og smarttelefon hjelp. Skal dekkje einskilde behov, samt generell bruk	Leikanger Pensjonistlag	Leikanger Frivilligsentral som tilretteleggjar. Mål om å få på plass ein gong i månaden.	
g)	Besøksvenn	10 personar	Samtalepartnar for heimebuande	Leikanger røde kors	Leikanger Frivilligsentral som samarbeidspartnar. Knyast saman med Frivilligbanken	
h)	Småjobbsentral	10 personar	Enkel tilgang til hjelp i eigen heim. Oppdrag som ikkje krev	Leikanger Frivilligsentral	Knytast til Frivilligbanken,	

kvalifisert kompetanse

mogleg arbeidsretta tiltak gjennom NAV

5.	Omdømme og marknadsstrategi	Mål	Beskrivelse	Ansvarleg	Merknad	OK
a)	Fremjing av Leikanger Frivilligsentral på diverse arrangement	10 arrangement	Delta på ulike aktivitetar og vere sterkt synleg	Leikanger Frivilligsentral		50 00,-
b)	Frivilligdagen	150 besøkande	Auke kjennskapen rundt sentralen	Leikanger Frivilligsentral	Besøk på skular, sjukeheimen og synleg stand på Saften	1 000,-
c)	Mediestrategi sosiale medier	500 likes på FB + vere aktiv i arbeidet med ny nettside til Leikanger Frivilligsentral	Synleggjere frivillige lag og org. sine aktivitetar og positive verknad	Leikanger Frivilligsentral	Ønskjer ei nettside som har relevant informasjon,	
d)	Heimeside	Brukarvennleg og aktivt brukt heimeside	Synleggjere frivillige lag og org. sine aktivitetar og positive verknad	Leikanger Frivilligsentral	Brukarvennleg og aktivt brukt heimeside, kvar lag og foreiningar kan ha tilgang til aktivitetsskalender. Norsk og engelsk versjon vil dekkje flest brukarar	
e)	Eigen oppslagstavle	Alle	Enkel formidlingsplattform får å finne frivillige	Leikanger Frivilligsentral		

6. Kulturlokale Saften

Gjennom kulturlokalet i 3. etasje på Saften skal ein opparbeide eit knutepunkt for innbyggjarane i kommunen. Ein skal jobba mot å få høg aktivitet i lokala, og at dei vert brukt aktivt av alle aldersgrupper.

Lokala skal vere universelt utforma og vere ein hyggeleg stad å opphalda seg. Som ein møteplass skal ein jobba for å skapa dialog og samvær mellom alle aldersgrupper. Det å få lokalet på plass vert difor sett på som ei hovudoppgåve for frivilligsentralen, før ein tek til med andre gjeremål. For at lokala vert nytta og fangar flest mogleg personar vert utforminga av dei forskjellige delane viktig. Innanfor lokala skal fleire forskjellige tilbod dekkast. Det bør også komme på plass eit skilt i 1. etasjen som informera om kva og kven som held til i 3. etasjen.

Leiar i frivilligsentralen skal ha ansvar for bruken av lokala, og halde oversikt over kven som nytta lokala til forskjellige tider. Kvar dei forskjellige tilboda skal plasserast vert utarbeida i dialog med arkitekt, for best utnytting av arealet. Lokala skal seinast vere ferdige og i bruk innan utgangen av 2020.

- Kartlegge kven som vil nytta seg av lokala.
- Få oversikt over naudsynt utstyr til lokala.
- Gjere bruken så enkel som mogleg.

a) Frivilligsentralen

For at ein skal ha ein fungerande og aktiv frivilligsentral vert det viktig at lokala kjem på plass så fort som mogleg. Lokalet skal utanom kontor til leiar innehalde eit større møterom, eit sofahjørne og oppbevaringsmoglegheiter. Vidare skal det vere eit kjøken som vert knytt saman med biblioteket og møteplassen. Det vert viktig å legge til rette for praktiske løysningar som gjer det enkelt å nytte seg av lokala, og tilgang til kjøkenet som gjer det mogleg å nytta det utan at frivilligsentralen må vere opna.

b) SystmondsBUI

Utstyrssentralen vert knytt til frivilligsentralen. Denne skal vere i 2. etasje og Frivilligsentralen har ansvaret. Lån av utstyr skal utover utleige til privatpersonar kunne nyttast til skule, lag og foreiningar. Med eit utvida tilbod skal utstyrssentralen vere med på å fjerne sosiale skilnadar og leggje til rette for fysisk aktivitet. Tilbodet vil i utgangspunktet kunne bookast online.

c) Arbeid- og aktivitetstilbodet

Arbeid- og aktivitetstilbodet vert knytt saman med lokala til frivilligsentralen. Dei skal kunne nytta seg av møtelokalet til frivilligsentralen. Ved å plassere dette møtelokalet litt vekk frå annan aktivitet vil det også vere lettare å få ro og unngå for mykje støy frå annan aktivitet. Eit tilhøyrande stillerom, som skal nyttast av Arbeid- og aktivitetstilbodet, skal også på plass.

Rommet må vere utforma på ein slik måte at det kan nyttast av rullestolbrukararar. Ei løysning med nøkkel må vere på plass slik at rommet kan nyttast utan at leiar er i bygget.

d) Møteplass

Det er ynskjeleg å få på plass ein møteplass som vert basert på frivillig arbeid. Møteplassen skal dekkje dagens tilbud på måndagar og fredagar. Vidare skal det jobbast med å legge til rette for større bruk av dette lokalet enn det dagens tilbud dekkjer. Det vert difor viktig at lokala er lett tilgjengelege, innbydande og med kapasitet til minimum 30 personar. Møteplassen knytast til felles kjøken med frivilligsentralen og biblioteket. Det er også eit mål at ein gjennom møteplassen skal få utnytta betre utearealet i 2. etasje. Ein skal jobba mot at dette vert brukt aktivt som ein uformell møteplass også på sommartid. Lokalet skal fungere som møteplass spesielt for eldre, men også for yngre generasjonar. Gjennom møteplassen skal ein få opp trafikken i bygget og skapa liv og røre på kvardagar. Det er ynskjeleg at lokala skal vere store nok til at ein på sikt kan ha drifta kaféverksamtheit i lokalet. Samstundes er det viktig at dette ikkje blir eit konkurrerande tilbud blant tilsvarande verksemder i sentrum, tilbodet må difor fullt og heilt vere basert på frivillig innsats.

e) Biblioteket

Lokala skal vere innbydande og skapa lys ned mot 1. etasje, slik at det freistar å gå opp i 2. etasjen. Det skal vidare vere ein sofakrok kvar folk kan slappe av og lese inne på biblioteket. Kontorlokale til biblioteket vert lagd i dette lokalet. Tilhøyrande magasin skal ligge praktisk til, med enkel tilgang for dei tilsette ved biblioteket. Samstundes vert det viktig at magasinet ikkje tek opp plass utover i lokalet, men at ein får lagd det mindre synleg. Vidare skal biblioteket dele kjøken med frivilligsentralen og møteplassen. Ei løysning som sikrar enkel tilgang for alle partar vert difor viktig. God dialog med biblioteket for utforming av lokalet skal til ei kvar tid vere tilstade. På sikt skal ein få til enklare løysningar som sikrar lengre opningstider på biblioteket.

f) Kulturscene

Her skal ein ha plass til øving, og mindre konsertar kvar ein skal kunne ha plass til 50 personar. Vidare skal ein ha eit mindre lager bak scena, som kan romma blant anna teknisk utstyr. Det vert viktig å halde aktuelle aktørar med i prosessen, slik at ein får dekkja dei behova forskjellige brukarar måtte ha. Målet med tilbodet er fremje kulturtilbodet i kommunen. Det skal vere lett tilgang til rommet, og det vert difor knytt saman med dagleg leiar for frivilligsentralen. Leiar skal ha oversikt over bruk av rommet. Det vil vere hensiktsmessig med ei ordning kvar vaksne får tilgang til rommet på kveld – og helgetid, utan at leiar for frivilligsentralen sit på bygget.

g) Ungdomsklubb

Ungdomsklubben skal fungere som ein møteplass for dei yngre. Målgruppa vil vere 13-23 år. Ungdomsklubben skal også leggje til rette for aktivitet og samhald, og det vert difor viktig med eit lokale som inneheld varierte moglegheiter. Ein skal ha spelmoglegheiter, samstundes som ein kan slappa av. Det vert difor viktig å kartlegge kva ungdomen ynskjer seg av spel, tilkoplingsmoglegheiter og sitteplassar. Dialog med dei yngre vert difor særskilt viktig i planleggingsfasen, for å få opp interessa rundt tilbodet. Rommet må utformast på ein måte som gjer det hyggeleg og interessant, samstundes som det er lukka nok til at ein kan få privatliv utan for mykje innsyn frå tilknytte rom. Løysningar med opningstider og kva av utstyr som kan stå ulåst vert viktig å kartlegge. Ei moglegheit med avsperring av deler av rommet må vurderast, slik at ein kan nytta rommet sjølv utanom frivilligsentralen sine opningstider.